



Fjord kommune

Plan og miljø

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Vår ref.

23/775/FA-S11/TERSYS/41867922

Dykkar ref.

Dato:

14.07.2023

Fjord kommune si høyringsfråsegn - Stavåna kraftverk

Vi syner til høyringsbrev av 29. juni 2023 der vi vert inviterte til å kome med høyringsfråsegn til søknad om Stavåna minikraftverk.

Fjord kommune er ein lokal planmyndigheit som skal sørge for utarbeiding av kommuneplan med samfunnsdel og arealdel, samt planstrategi og utarbeiding av reguleringsplanar. I vårt ansvarsområdet ligg det også eit lovpålagd plikt til medverknad i offentlege planprosessar og konsesjonstilhøve.

Saka gjeld søknad om minikraftverk i elva Stavåna som er eit sideelv til Stordalselva.

Saka vil bli tatt opp til politisk behandling i slutten av august, de vil difor bli tilsendt eit eige vedtak på korleis Fjord kommune stiller seg til sjølve tiltaket med utbygging. Det politiske vedtaket blir sendt NVE i løpet av månadsskiftet august/september.

For planområdet gjeld kommunedelplan for Nørdalen (planID 1526-201801) med arealbruksområdet LNF. Langs nedre del av Stavåna er det regulert inn ein omsynssone for bevaring av naturmiljø. Omsynssona H560 gjeld naturmiljø som er registrert som verdi A svært viktig eller B Viktig. Tiltak og inngrep som kan utgjere skade på naturmiljø er normalt ikkje tillat, og ein må ved alle typar aktivitet ta omsyn til miljøinteressene.

Ved avkøyrsløse frå fylkesveg FV5934 til kraftverk kan det være at tiltaket kjem inn på reguleringsplan for Jøsvoll og Jøsvollsæter (planID 1526-201001). Det aktuelle området er i hovudsak regulert til vegføremål, men det er ikkje regulert inn avkøyrsløse på austsida av Stavåna.

Konsesjonstiltaket vil vere i strid med gjeldande plan og det vil vere naudsynt å søkje kommunen om dispensasjon frå kommunedelplan/reguleringsplan og løyve til å gjennomføre det konsesjonsgitte prosjektet jf. pbl. § 19-2. Meir detaljar frå dei aktuelle planane kan ein finne ved å gå inn www.kommunekart.com.

Jamfør pbl. § 2-1 andre ledd har kommunen heimel til å krevje at forslagsstillar utarbeider kartgrunnlaget for planforslaget/ tiltaket. Kommunen vil innfri heimla krav og be forslagsstillaren om å utarbeide digitalt plankart i sosi-format som kan leverast til kommunen for oppdatering av kartgrunnlaget.

Med helsing

Terje Systad
leiar plan og miljø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.